



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Kommunane i Møre og Romsdal v/ barneverntenesta

Invitasjon til kurs for nytilsette i barneverntenesta i kommunane i Møre og Romsdal 21. – 23- mars 2022

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal inviterer nytilsette i barneverntenesta i kommunane til opplæring. Kurset gjev grunnleggjande innføring i praktisk og juridisk barnevernsarbeid og om barnevernet si oppbygging og tiltaksapparat. Det vil bli lagt vekt på deltakarane si forståing av rolla som kontaktperson og barnevernet sitt arbeid frå ein får ei melding til undersøking og oppfølging av tiltak.

Praktiske opplysningar:

Kurset blir halde på Hustadvika Gjestegård, med oppstart måndag 21. mars kl. 11.00 og blir avslutta onsdag 23. mars kl. 15.00. For nærare opplysningar om kursstaden, sjå www.hustadvika.no.

Statsforvaltaren dekker kurs- og opphaldsutgifter. Eventuell overnatting kvelden før blir ikkje dekt. Reiseutgifter må den enkelte barnevernsteneste dekke sjølv. Ved manglande oppmøte vil arbeidsgivar bli fakturert for opphaldsutgiftene.

Dersom smittesituasjonen endrar seg slik at vi ikkje kan møtast fysisk, kan kurset bli avlyst/utsett.

Ta gjerne med barnevernlova og saksbehandlingsrundskrivet.

Målgruppe:

Kurset er retta mot dei som er nytilsette innanfor den kommunale barneverntenesta dei to siste åra.



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Påmelding:

Det er elektronisk bindande påmelding innan 7. mars 2022.

Lenke til påmeldingsskjema: <https://www.statsforvalteren.no/nb/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/2022/03/kurs-for-nytilsette-i-barneverntenestene-i-more-og-romsdal/>

Stadfesting:

Du vil automatisk få ei stadfesting direkte på din e-post når påmeldinga er gjort. **Om du ikkje får slik stadfesting, er du ikkje blitt registrert som deltakar. Sjekk om du har fylt ut alle felt.**

Det er avgrensa tal på plassar. Dersom det blir fleire påmeldte enn tilgjengelege plassar, vil vi gjere ei fordeling mellom tenestene.

Spørsmål knytt til påmeldinga kan rettast på e-post til fmmkurs@statsforvalteren.no eller på telefon 71 25 85 05 / 71 25 85 11.

Spørsmål om innhald i kurset kan rettast på e-post til Gunn Risan Nakken gurna@statsforvalteren.no eller på telefon 712 58437.

Vel møtt til kurs på Hustadvika!